

## Hurra for dig som fylder dit aar!

Velle Espeland

Sidan Norsk viseforbund fyller år i år så kan det vere på sin plass å ta fram ein fødselsdagssong. I nabolanda våre har dei eit utval av fødselsdagsongar å ta av, men her hos oss er det, merkeleg nok, Happy birthday to you som er den mest brukte. Mens vi som ikkje synest det er flaut å synge på norsk, bruker Hurra for deg som fyller ditt år.

Den er laga av Margrethe Munthe og den er første gong trykt i boka Saa leker vi litt! frå 1911. Margrethe Aabel Munte var søster av målaren Gerhard Munthe, og ho var lærarinne i Kristiania frå 1887 til 1920. I vår tid har Margrethe Munthe fått ord på seg for å vere streng og pedantisk, men dette er ein urettferdig dom over henne. Når vi ser på dei traurige songane skolebarn vart bydd på, før hennar tid, forstår vi at elevane hennar var svært glade for dei songane ho laga.

På mange måtar må ho ha vore svært radikal. Vi skal hugse på at ho laga På låven sitter nissen for å gje skolebarna eit alternativ til dei religiøse julesongane. Dessutan har ho laga lystige songar som Å jeg vet en sæter (Geiterams).

I visebøker frå vår tid står ofte Margrethe Munthe oppført som komponist til melodiane også, men det er ikkje rett. Ho brukte gamle vel kjente melodiar for at songane hennar skulle bli lette å bruke. Melodien til Hurra for deg er ein norsk folkemelodi som alt var kjent i skolen fordi Ivar Åsen hadde dikta Her er det land som hugar meg best til den melodien. Og Åsens tekst hadde hatt ein fast plass i skolesongbøkene i fleire tiår før Margrethe Munthe tok den i bruk.

Vi har også ein eldre fødselsdagssong som var mykje brukt på 1800-talet: Og fir' og tju trommer. Men den er lite brukt i vår tid. Her er Margrethe Munthes originaltekst:

Hurra for dig som fylder dit aar!  
Ja dig vil vi gratulere!  
Alle i ring omkring dig vi staar  
og se, nu vil vi marsjere,  
bukke, nikke, neie, snu os omkring,  
danse for dig med hop og spret og spring,  
ønske dig av hjertet alle gode ting!  
Sig mig saa, hvad vil du mer!

Høit vore flag vi svinger. Hurra!  
Ja, nu vil vi rigtig feste!  
Dagen er din, og dagen er bra,  
men du er den allerbedste!  
Se dig om i ringen, hvem du vil ta!  
dans en liten dans med den du helst vil ha!  
Vi vil allesammen svinge os saa glad;  
En av os skal bli den næste!